



Fest i Helgheim i 1988 – foto i årboka

**Soga om Helgheim frå 1902 og seinere med nye Helgheim frå 1934 er langt på veg ein del av saga til bygda. Det held ungdomslagsveteran Bjørgulv Eik fram i ein artikkel om Helgheim i Kvinnhersminne - årbok nummer 14.**

**Han slår fast at ungdomslaget gjennom Helgheim har halde eit bygdesamfunn med forsamlingshus og at det har gjeve ungdomslaget eit godt omdømme mellom folket.**

Nesten heile denne årboka handlar om det frilynde ungdomsarbeidet med husa som inngangsport. Denne utgåva har vorte til ved ein dugnad i sogelagsstyret i funksjonen som eit skriftstyre. Det har funne fram til 11 ungdomshus som blir grundig og prisverdig presenterte. Det er på høg tid med ein slik dokumentasjon, for tre av husa er rivne og ungdomslaga ved fleire av dei andre er nedlagde. Husa som står att, har vorte grendehus.

Måndag 30. november vil sogelaget/skriftstyret halda bokkveld og pressekonferanse i Gamleskulen i Uskedalen med deltaking av forfattarane.

Om grunnane til nedgangen til den frilynde ungdomsrørsla, som betydde så mykje for så mange, skriv skriftstyret at nedgang i folketalet, utflytting til utdanning og arbeid og større mobilitet har spela ei rolle. I somme bygder kom ikkje laga så langt som til å bygge noko hus og årboka fortel om korleis dei ordna seg i Gjetingsdalen og på Sandvoll.

Helgheim, som hadde vore skulehus, vart vigsla 12. desember 1902 på same tomte som "nye" Helgheim står på

i dag og som Andreas A. Bjelland hadde gjeve gratis til det 14 år gamle ungdomslaget. Men huset vart naturleg nok for lite med sine 10 x 16 meter sjølv om det vart utvida med eit lite kjøken og gang. Og 11. mars 1934 vart det nye Helgheim vigsla etter at det gamle var "eksportert" oppover dalen og hadde vorte til forsamlingshuset Vonheim.

Bjørgulv Eik skildrar det som har gått føre seg i Helgheim opp gjennom åra på ein fyldestgjerande måte utan å fortapa seg for mykje i detaljar. Han slår fast at bygdefolket har vore flinke til å støtte ungdomslaget til å halde huset i stand og skriv at Selmer Hansen og Edvin Kjærland har vore gode tilsynsmenn for Vonheim.

Eik skriv sjøvsagt om alle tilskippingane og ettersom det nærmar seg jul er det interessant og kanskje litt vemodig å lesa om juletreffesten i Helgheim som heile bygda slutta opp om men som ikkje er meir. Fire til fem ringar gjekk samstundes rundt treet og ein prest sa at slik song som i Uskedalen hadde han ikkje høyrte før.

Eik kjem også inn på dansekveldane som kunne gje eit godt overskot. Men etter som åra gjekk, vart musikken dyrare og for laget og huset vart dans lite lønsamt. Då var basarar ei mykje sikrere innkome. I dei seinare åra har det vore bingo kvar onsdag og Eik skriv at "det ser ut til å vere interesse for den". Det er spanande kven som vinn og samstundes er det eit sosialt samver.

Ungdomslaget har også hatt både ungdomsklubb og diskotek.

Av Ola Matti Mathisen



Bjørgulv og Margit Eik har hatt mange fine opplevingar i Helgheim. No har han skreve om huset i årboka Kvinnherminne. (Foto: Ola Matti Mathisen)